



VINJE

Oppvekst

## ÅRSPLAN FOR ÅMOT BARNEHAGE

2023-2024



## Innhald:

Årsplanens funksjon	s 3
Åmot barnehage som ein del av Vinje oppvekst	s 4
Barnehagens samfunnsmandat	s 5
Kap 1 Barnehagens verdigrunnlag med visjon	s 6
Kap 2 Barnehagens formål og innhald	s 9
Kap 3 Barns medverknad	s 13
Kap 4 Samarbeid mellom heim og barnehage	s 14
Kap 5 Overgangar	s 15
Kap 6 Barnehagen som pedagogisk verksemd	s 16
Kap 7 Arbeidsmåtane i barnehagen	s 19
Kap 8 Fagområda	s 20
Årshjul	s 21
Hovudfokus 2023-2024	s 22
Kontakt barnehagen	s 23
Vedlegg: Vaksenstandard og progresjonsplan: Kropp og kjensler	

## Årsplanens funksjon:

Rammeplanen seier at alle barnehagar skal utarbeide ein årsplan. I tillegg til denne planen skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov.


Årsplanen er arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngjevingane til barnehagen.

Årsplanen kan gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til ulike myndighetsnivå, samarbeidspartnarane til barnehagen og andre interesserte.

Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og lokal tilpassing i pedagogisk praksis. Årsplanen skal m.a synne korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Progresjonsplan skal synleggjerast. Ein skal synleggjere korleis synspunkt frå barn og føresette blir tekne inn i planleggingsarbeidet og korleis barnehagen vurderer arbeidet sitt. Det skal også kome fram korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og korleis me sikrar samarbeid og samanheng ved overgang til ny avdeling og til skulen.

Årsplanen blir fastsett av barnehagens samarbeidsutval. Barnehageleiar, saman med assisterande barnehageleiar, har det daglege ansvaret i barnehagen, pedagogisk, personalmessig og administrativt. Pedagogiske leiarar har ansvar for å iverksetje og leie det pedagogiske arbeidet, i tråd med godt fagleg skjønn. Alle tilsette har eit ansvar for å arbeide etter årsplanens målsetjingar og for å bidra til at alle barn får eit best mogleg barnehagetilbod.

## Åmot barnehage som ein del av Vinje oppvekst:



Vinje oppvekst er 7 einingar som jobbar saman om ein god oppvekst i Vinje. Me samarbeider einingane i mellom, men også på tvers av andre sektorar i kommunen.

Dette året vil mykje av fokuset bli lagt på Strategisk plan, Tverrfagleg samarbeid og forebyggande innsats for barn, unge og familar i Fyresdal/Kviteseid/Nissedal/Seljord/Tokke/Vinje: **Vegen mot mestring**. Dette er ein ny og viktig plan for å styrke arbeidet med førebygging, tidleg innsats og samhandling. Denne skal me bruke ein del tid på dette barnehageåret og i tida framover, og vil vera sentral i arbeidet vårt i barnehagen.

## Barnehagens samfunnsmandat

### Lov om barnehagar, kap 1. §1 Formål

«Barnehager skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrifet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

## Kap 1: Barnehagens verdigrunnlag



### Visjon for Åmot barnehage

Åmot barnehage skal vera ein god stad å vera for barn. Dei tilsette skal i nært samarbeid med foreldre skape ein god og trygg barndom.

Vår visjon er at alle barn som er i Åmot barnehage skal kjenne seg trygge og inkluderte. Me ynskjer å styre mot eit leike- og læringsmiljø der barna kjenner seg som ein del av eit sosialt fellesskap. Me vil synleggjera samver og leik som viktige læringsarenaer samt tydeleggjera kor viktig inkludering er for barns utvikling og livsmestring.

Alle barn har eit behov for å kjenne seg betydningsfulle, og alle barn i Åmot barnehage skal oppleve meistring, og det å føle seg betydningsfull. Barna skal kjenne seg viktige og gode nok som dei er uavhengig av om dei møter gleder eller sorger. Dette trur me gjev rause og robuste barn:

Rause barn aksepterer at alle er ulike, og dei gjev rom og omsorg for kvarandre. Rause barn kan samarbeide, dei er fleksible og dei kan yte for andre utan å forvente noko tilbake.

Robuste barn har mot til å stå for eigne meningar og setje eigne grenser. Dei kan takle eit nei, og vanskelege situasjonar dei kjem opp i. Robuste barn har motstandskraft og ei indre tru på at dei kan.

## Verdigrunnlaget

Verdigrunnlaget er nemnt i rammeplanens kapittel 1 – <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/verdigrunnlag/>

Desse verdiane skal vere førande for vår praksis i dagleg arbeid med barna, føresette og som personalgruppe.

OMGREP	FOR MEG SOM VAKSEN I ÅMOT BARNEHAGE TYDER DET AT EG
Demokrati	<ul style="list-style-type: none"><li>• Inkluderer barn og lar barnet medverke i kvardagen sin</li><li>• Gjev rom for ulikhetar iht språk, kultur og religion, slik at alle får lik rett til å delta i medverknad av barnehagedagen.</li></ul>
Mangfold og gjensidig respekt	<ul style="list-style-type: none"><li>• Mangfold er ein ressurs</li><li>• Nyttar grunnlaget som ligg i <b>IBSM</b> (Inkluderande Barnehage- og Skolemiljø)-prosjektets retningslinjer og vidarefører arbeidet med eit inkluderande miljø. <a href="#">Inkluderande barnehage- og skolemiljø - VINJE KOMMUNE</a></li><li>• Gjev barna felles erfaringar som synleggjer verdien av fellesskap</li><li>• Gjev barna varierte impulsar</li><li>• Snakkar om at me både er ulike og like, synleggjer det i arbeidet i barnegruppa</li><li>• Lærer kvart barn og familie å kjenne (behov, ressursar, kultur...)</li><li>• Synleggjer ulike nasjonalitetar og kulturar som er representerte i barnehagen i nær dialog med foreldre</li></ul>
Likestilling og likeverd	<ul style="list-style-type: none"><li>• Motverkar alle former for diskriminering</li><li>• Markerer at me er ulike saman i eit fellesskap</li><li>• Gjev alle lik moglegheit til å bli sett, høyrd og oppmuntra til å delta i fellesskap i barnehagen</li><li>• Er ein rollemodell som er bevisst på mine eigne haldningar i høve likestilling og likeverd</li></ul>
Berekraftig utvikling	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjev barna naturopplevingar</li><li>• Syner barna at ein ikkje treng nye leiker for å ha det moro: «<i>barn treng saker å leike med, ikkje alltid leikesaker</i>»</li><li>• Er i lag med barna og undrar meg saman med dei over mangfaldet og fenomena me finn i naturen</li><li>• Lærer barna korleis me tar vare på naturen og kvarandre</li></ul>


	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjeldesorterer avfallet i barnehagen og lærer barna om kvifor det er viktig</li> <li>• Tar i bruk nærmiljøet rundt barnehagen</li> </ul>
Livsmeistring og helse Rause og robuste barn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kjenne til aktivitetesplikta, Barnehageloven §42: «Plikt til å sikre at alle barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø»</b></li> <li>• Skånar ikkje barn frå all motgang, men støttar barn vanskelege situasjonar og kjensler. «<i>Det vil gå bra, eg er saman med deg</i>»</li> <li>• Er lydhør og sensitiv i barnas signal, både kroppslege og språklege uttrykk</li> <li>• Gjev barna høve til å meistre og kjenne eigenverdi. «<b>Du er god nok</b>» «<b>Du klarar!</b>»</li> <li>• Lærer barna å ha respekt, etterkvart forståing, for andre barns kjensler og opplevingar</li> <li>• Brukar «Theraplay - aktivitetar» i samlingar med barna.</li> <li>• Gjev alle barna høve for ro og kvile ved å nytte «Nærverstrenings». Her er barnehagen ein del av Vinje kommune sitt prosjekt: «Eg er meg, du er deg» <a href="#"><u>Eg er meg og du er deg - VINJE KOMMUNE</u></a></li> <li>• Legge til rette for fysiske aktivitetar ut frå barnas utviklingsnivå, og med det hjelpe dei til å utvikle motorikk og rørsleglede</li> <li>• Lærer barna trafikkreglar og det å ferdast trygt etter vegen når me er på tur jmf. at Vinje kommune er ein trafikksikker kommune. <a href="#"><u>Trafikksikker kommune - VINJE KOMMUNE</u></a></li> <li>• Lærer barna gode matvanar.</li> <li>• Kjenner opplysningsplikta til barnevernet, Jf Barnehageloven §46</li> <li>• Kjenner til avvergingsplikta , Jf Straffeloven § 196</li> </ul>
Kropp og kjensler	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Set ord på og anerkjenner barns kjensler her-og-nå</li> <li>• Arbeider med tema «Kjensler» og «Kropp» i ulike samlingar/situasjonar. (Her har me ein progresjonsplan, sjå vedlegg 1.)</li> <li>• Arbeider med tema frå veke 10, «Sei det til nokon veka».</li> <li>• Kjenner til korleis eg kan vere med å førebyggje og oppdage omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep</li> </ul>

## Kap 2. Barnehagens formål og innhald:

Innhaldet i barnehagen skal vera allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få **LEIKE**, og utfalde **SKAPARGLEDE** og **UNDRING**. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Barns tryggleik og trivsel kan berre bli ivaretatt gjennom at me skaper eit innhald som ivaretar deira behov for omsorg.

Tryggleikssirkelen ligg i botn for vår omsorg for barnet i kvardagen. <https://www.folkom.no/barn>



## **FOR Å INSPIRERE BARNS LEIK, SKAPARGLEDE OG UNDRING SKAL EG SOM VAKSEN**

- La leiken ha ein sentral plass i barnehagen
- Anerkjenne eigenverdien til leik.
- Bruke barnas interesse som utgangspunkt for planlegging av leik og aktivitet
- Sørge for, og motivere barna til å prøve ut variert materiale, ha det tilgjengeleg for barna
- Gje barna opplevingar, så som turar, forteljingar, drama/teater, film, rolleleik
- Filosofere i lag med barna – vaksne veit ikkje alt
- Støtte og utvide barnets initiativ
- Observere barna i leik og aktivitet og vurdere når dei treng hjelp av meg
- Dokumentere for vidare undring ved hjelp av bilete, skrift og tankekart
- Arbeide gjennom ulike tema
- Bruke humor og glede
- Fryde meg saman med barna



**FOR AT BARN SKAL FÅ ERFARINGAR SOM SKAPER LÆRLING, OPPLEVE GLEDE OG VENSKAP I LEIKEN SKAL EG SOM VAKSEN**

- Legge opp til leikegrupper som fremjar barns leikekompetanse og leikefellesskap
- Observere og fylgje med på kva barna interesserer seg for og legge til rette for dette i leiken deira
- Gje barna felles opplevingar for å inspirere til felles leik
- By på meg sjølv med hensikt for å motivere og inspirere barna til å utvikle leiken, og ha eit bevisst forhold til deltaking og observasjon ut frå barnas premisser
- Skape eit godt utgangspunkt for leiken ved å planlegge og tilrettelegge bruk av rom, tid og materialar
- Engasjere meg i leikeverden, og rettleie i leiken der det trengs
- Førebygge og avdekke ekskluderande leik, handle aktivt når eg ser eller hører barn bli krenka eller ekskludert

**FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR OMSORGSFULLE RELASJONAR SKAL EG SOM VAKSEN**

- Sei «hei» og «ha det bra» til alle
- Legge til rette for at barna knyter seg til personalet på avdelinga og på sikt til dei andre barna
- Legge til rette for at alle barn kjenner meistring i kvar dagen
- Snakke om, og anerkjenne barnets kjensler
- Oppmuntre til omsorgsfulle relasjonar mellom barna på avdelinga
- Førebygge, stoppe og fylgje opp uheldige samspelsmønster
- Vere ein god rollemodell ved å vere hyggeleg og respektere kollegaene mine
- Vere raus med barn, føresette og kollegaer

### **FOR AT BARN SKAL FÅ HENSIKTSMESSIG SPRÅKSTIMULERING SKAL EG SOM VAKSEN**

- Rettleie barn slik at dei opplever meinung i det som blir sagt, vist og lest
- Alle barn skal bli lesne for min 2 g/v – loggføre når det skjer.
- Ha fokus på fysiske bøkar, ikkje berre digitale bøkar.
- Bruke rim, regler og vitsar i språkinnlæringa
- Setje ord på handlingar barnet utfører
- Stille opne spørsmål
- Bruke song, musikk og rørsleleikar som verktøy i språkstimuleringa
- Vere med å synleggjere dei ulike språka i barnehagen, for å auke det språklege medvitet i heile barnegruppa
- Gje rom for ulike språk og synleggjere dette i planlegging og arbeid i barnehagen
- Oppmode fleirspråklege barn til å bruke morsmål, og hjelpe dei med å utvikle norskunnskapar
- Bruke biblioteket aktivt, samarbeide med dei tilsette der.
- Vite om, og legge til rette for, dei barna som treng alternativ språkleg støtte / kommunikasjon og bruke det i min kommunikasjon med barnet (t.d teikn-til-tale, bilde..)
- Bruke kartleggingsverktøy ved behov, t.d TRAS og Språk 5-6
- Bruke omgrevpsmodellen. Rettleiar for dette finn ein her: [begrepslaring--2017-web.pdf \(statped.no\)](http://begrepslaring--2017-web.pdf)



## Kap 3 Barns medverknad:

Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Ein skal vektlegge synspunkta til barna i samsvar med alder og mogning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barns-medvirkning/>

### FOR Å IVARETA BARNS RETT TIL MEDVERKNAD SKAL EG SOM VAKSEN

- Lytte til, og sjå etter, barnas innspele og ulike uttrykksformer slik at medverknad blir ivaretatt
- Sikre at ALLE barn blir høyrt
- Bruke observasjonar for vidare arbeid og planlegging. Gje barna felles opplevingar for å inspirere til felles leik
- Barnesamtaler, både enkeltvis og gruppevis. Organisere dette gjennom får ha «MIN DAG» i løpet av barnehageåret.
- Oppmuntre barna til å gje uttrykk for kva dei synest om barnehagens innhald
- Synleggjera barns medverknad for foreldre.
- Møblere rom på ein fleksibel måte, slik at me med enkle grep kan ommøblere på ein slik måte at me fylgjer barnas interesser i leiken



## Kap 4 Samarbeid mellom heim og barnehage

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/samarbeid-hjem-barnehage/>

Godt samarbeid ligg til grunn for god utvikling og trivsel hjå barnet. Samarbeidet med føresette skal ha barnets beste som mål.

Føresette er dei som veit best for sine barn. Deira synspunkt skal høyrast og bli vurderte. Faglege grunngjevingar skal ligge til grunn dersom barnehagen ikkje kan imøtekome deira ynskje.

Alle tiltak me gjer i barnehagen skal ha barnets beste i fokus, samarbeidet mellom føresette og barnehagen er difor svært viktig. Føresette har ansvar for å oppdra barnet, barnehagen skal hjelpe til. Samtaler med føresette for å skape felles forståing for kva som er best for barnet innanfor barnehagens rammer, er avgjerande for å samarbeide til barnets beste i barnehagetida.

I alt samarbeid må både føresette og personalet halde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag å ivareta.

Vinje kommune har ein eigen plan for foreldresamarbeid i barnehagen: [plan+for+foreldresamtale+for+Vinje+barnehage.pdf](#)

For å sikre samarbeid med heimane har Åmot barnehage eit foreldreråd, FAU, og eit samarbeidsutval, SU. Val av FAU og SU blir gjort om hausten, og alle foreldre kan melde saker til FAU som bringer dette vidare til barnehagen.

Me brukar Visma Min Barnehage-appen som kommunikasjons plattform mellom barnehage og heim.



## Kap 5 Overgangar

Åmot barnehage har som mål å gjere alle overgangar som barn og føresette er involverte i gode og trygge. Ein god dialog mellom tilsette og foreldre er naudsynt for å få dette til.

I barnehagen arbeider me med tre overgangar: oppstart i barnehagen, bytte til ny avdeling og overgang til skulen.

Når barnet startar i barnehagen, har me eit eige infoskriv som blir sendt ut saman med velkomenskrivet som føresette får i mai/juni. Det er også eit foreldremøte på våren, og ein plan for tilvenning.

Ved bytte til ny avdeling, sørger me for at barna besøker si nye avdeling i lag med ein trygg voksen før sommarferien- Slik blir det trygt og føreseieleg når barna startar opp eit nytt barnehageår. Det er ekstra viktig med ein god dialog med foreldre i oppstarten på ei ny avdeling.

Vinje kommune har eigen plan for overgang til skulen «Frå eldst til yngst» <https://www.vinje.kommune.no/felles-informasjon.483481.nn.html>

Målet er at det barna opplever og erfarer i barnehagen , skal gjere at dei gler seg til å byrje i skulen. Ein eigen «bli-kjent-plan» blir laga saman med småskulen på vårparten. Denne blir sendt aktuelle heimar så fort den er klar. Skulen sender eigen invitasjon til skuleinnskriving i mars.



## Kap 6 Barnehagen som pedagogisk verksemد

«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemد som skal planleggast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane». (rammeplanen s 37)


«Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar» (rammeplanen s 15).

Åmot barnehage vil få til utvikling i heile personalgruppa gjennom ulike arbeidsmetodar så som: refleksjon over praksis i alle møte, I (individuelt)G (gruppevis)P (plenum), praksisforteljingar og observasjonar.

Planlegging skal sikre langsiktig og systematisk tenking i det pedagogiske arbeidet hjå personalet. God planlegging fører til kontinuitet og progresjon for enkeltbarnet og for dei ulike barnegruppene. Til grunn for all planlegging ligg Barnehageloven og Rammeplanen.

### NÅR DET BLIR PLANLAGT FOR AT ALLE BARN SKAL OPPLEVE KONTINUITET OG PROGRESJON MÅ EG SOM VAKSEN:

- Legge merke til barnas verbale og kroppslege innspel og uttrykk, og bringe dei inni refleksjonar slik at dei blir lagt til grunn for vidare pedagogisk planlegging
- Lytte til synspunkt frå føresette og FAU og bringe dei vidare inn i refleksjonar
- Delta aktivt i planleggingsarbeid både for eiga avdeling og for heile barnehagen
- Bidra til at planane, som blir laga, blir gjennomførte på ein slik måte at barna opplever progresjon i barnehagekvarldagen ut frå alder, mogning og interesser



## Vurdering:

Me vurderer vårt arbeid ut frå interne planar, Barnehageloven og Rammeplanen. Vurderingane blir gjort iht våre satsingsområde

### **FOR Å SIKRE AT ALLE BARN FÅR EIT TILBOD I TRÅD MED BARNEHAGELOVEN OG RAMMEPLANEN MÅ EG SOM VAKSEN**

- Kjenne krava barnehageloven og rammeplanen stiller til barnehagertilbodet
- Vite kva om kjenneteiknar trygg, unnvikande og ambivalent tilknyting for barn i barnehagen
- Gjennomføre observasjonar og delta aktivt i refleksjonar over barnehagemiljøet
- Snakke med barna om kva som er moro og om kva som gjev meistring
- Reflektere over min og barnehagens praksis i lys av ny kunnskap og forsking
- Delta i munnlege og skriftlege evalueringar etter ulike prosjekt, tema og arrangement



Dokumentasjon:

**Me skal dokumentere planleggings- og vurderingsarbeidet for å synleggjere barnehagens arbeid med å oppfylle Barnehagelovens og Rammeplanens krav**

**FOR Å DOKUMENTERE KORLEIS ME ARBEIDER FOR Å OPPFYLLE KRAVA I BARNEHAGELOVEN OG RAMMEPLANEN MÅ EG SOM VAKSEN:**

- Setje meg inn i val og grunngjevingar i årsplanen vår. Dette skal vere synleg i min praksis og barnehagens praksis
- Ta del i, og ha kunnskap om våre interne planar (månadsbrev, planar for tema etc) med pedagogiske grunngjevingar for innhald og aktivitetar i barnehagen/barnegruppa
- Bruke ipad, oppslag på vegg og utstilling av leik og pedagogiske prosessar i barnegruppa
- Observere og på sjølvstendig grunnlag bringe praksisforteljingar og refleksjonar om barnehagemiljøet for enkeltbarn og barnegruppa inn i interne møte
- Setje meg inn i referat frå interne møte med evalueringar og planar for vidare arbeid
- Bruke tankekart, Barnesamtaler eller andre metodar som ivaretar barnas innspel som grunnlag for vidare planlegging.
- Dokumentere tema, prosjekter og kvardagsliv i Visma Min barnehage-appen



## Kap 7: Arbeidsmåtane i barnehagen

### Progresjon:

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevelingar. Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine.

#### **FOR AT ARBEIDSMÅTANE SKAL IVARETA BARNA SINE BEHOV FOR OMSORG OG LEIK, FREMJE LÆRING OG DANNING OG GJE BARNA HØVE TIL Å MEDVERKE, MÅ EG SOM VAKSEN**

- Oppdage, fylgje opp og utvide det barna alt er opptekne av
- Planlegge og legge til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn, ved å legge til rette for nye opplevelingar og erfaringar
- Sørge for å bruke materiale, bøkar, leiker, verktøy og utstyr på ein slik måte at dei er tilgjengelege for barn og slik at det skaper progresjon
- Hjelpe barna til å få meistringsopplevelingar, samstundes om dei har noko å strekke seg etter
- Legge til rette for at barn kan utforske, leike, lære og skape noko gjennom digitale uttrykksformer



## Kap 8: Fagområda i barnehagen


Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Fagområda må sjåas i samanheng, og alle fagområda skal vera ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Rammeplanen delar fagområda inn slik: [9. Barnehagens fagområder \(udir.no\)](#)


- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

### **FOR AT ARBEIDET MED FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN SKAL FREMJE TRIVSEL, ALLSIDIG UTVIKLING OG HELSE HJÅ BARNA MÅ EG SOM VAKSEN**

- Kjenne til innhaldet i dei ulike fagområda og kva rammeplanen seier om vaksenrolla iht arbeidet med desse
- Bidra og delta aktivt i temabasert arbeid i barnegruppa gjennom barnehageåret
- Vere merksam på fagområda i dei ulike tema som blir valde ut på avdelinga



Årshjul:



■ Tema ■ Aktivitetar ■ Fokus ■ Heilårstema ■ Leik

## Hovudfokus for Åmot barnehage barnehageåret 2023-2024:

Dette året vil me ha hovudfokus på språkstimulering, og arbeid med språk og kommunikasjon.

Hovudarbeidsmetoden vil vera **BØKAR** og **høgtlesing**.

Dei fleste har fått med seg at det å gjera barn glad i å lese, er noko av det viktigaste me kan gjøre som forelder og tilsette i barnehagen. Det startar allereie når barna er små. Barn som har vakse opp med høgtlesing, kan mange ord, og stiller godt rusta når dei startar på skulen.

I skule, utdanning, og etter kvart eit meir sjølvstendig liv, er det viktig å ha gode lesedugleikar. Ikkje minst gjev bøkar og lesing – både skjønnlitteratur og sakprosa - tilgang til kunnskap, språk og perspektiv som me sjeldan finner i det kvarlagslege livet.

Barn med ulik bakgrunn, leseerfaring og språkmeistring får felles opplevingar og referanserammer gjennom høgtlesing.

### Hugseregler:

Alle avdelingar skal ha ein bokansvarleg som sørger for at det er rullering av bøkar gjennom heile året, som passar til alder og interesser til barna. Dersom det er mogleg bør ein ha konkretar til nokon av bøkane for å levandegjera boka og sikre god språkstimulering.

Ein god høgtlesing er prega av vaksne sitt nærvær, og ein kjem ikkje langt med nøytral formidling.


Samtale om boka er like viktig som innhaldet.

Skap forventningar og gjer barna nysgjerrige før de les boka.

Bøkene må vera tilgjengelege og gjerast attraktive.

Alle avdelingane kan bruke biblioteket og låne bøkar.

Hjelp barna til å passe på bøkane, og ha reglar for at dei skal ta godt vare på dei. (men bruke dei godt og les dei gjerne «i hel»)



## Kontakt

Våre 7 avdelingar:

Stabburet	tlf	95840769
Eldhuset	tlf	90251314
Stallen	tlf	40907780
Loftet	tlf	40907781
Stoga	tlf	40907782
Smia	tlf	90283053
Fjoset	tlf	47517206



## Administrasjonen

Barnehageleiar:	Marte Nystog	<a href="mailto:marte.nystog@vinje.kommune.no">marte.nystog@vinje.kommune.no</a>	tlf	91854732
Assisterande barnehageleiar:	Grethe Høydal	<a href="mailto:grethe.hoydal@vinje.kommune.no">grethe.hoydal@vinje.kommune.no</a>	tlf	90130293

## Vedlegg 1

### Vaksenstandard i Åmot barnehage:

#### Som vaksen i Åmot barnehage

##### 1. Er eg autoritativ:

- Varm og omsorgsfull
- Tydeleg
- Rettferdig
- Har klare forventningar til barn, kollegaer og foreldre
- Arbeider for å bygge gode relasjoner

##### 2. Arbeider eg for å skape eit fellesskap i barnegruppa og i barnehagen:

- Helsar på alle, barn, kollegaer og foreldre.
- Skapar felles aktivitetar og referanserammar
- Hjelper barn inn i leik og fellesskap
- Utjamnar sosiale forskjellar
- Legg til rette for godt foreldresamarbeid

##### 3. Brukar eg humor og glede i kvardagen:

- Ler saman med barna
- Gledar meg, og frydar meg over at barn meistrar og opplever
- Tullar saman med barn, kollegaer og foreldre
- Byr på meg sjølv i leik og i relasjon med barn, kollegaer og foreldre
- Sper godt humør

##### 4. Er eg tilstades og engasjert:

- Lyttar og fangar opp signala til barna (også nonverbalt)
- Ser, og fylgjer opp behov hos barn, kollegaer og foreldre
- Er der barna er, både ute og inne.
- Hjelper barn å løyse konflikter
- Er lojal mot barn, kollegaer, foreldre og planer

##### 5. Arbeider eg for at barna blir rause og robuste:

- Støttar barn gjennom vanskelege opplevingar og kjensler
- Oppmodar til å prøve nye ting ( og har sjølv mot til å prøve noko nytt)
- Lærer barna å setje grenser for seg sjølv
- Lærer barn å dele og vente på tur.
- Gledar meg over andre sine suksessar og meistring



Vedlegg 2:

## Progresjonsplan for tema KROPP OG KJENSLER, ÅMOT BARNEHAGE

Alder	Mål	Arbeidsmåtar/opplegg
1-2	Kunne kjenne att følelsar Kunne peike på kroppsdelar	Namngje kjensler (t.d. "No ser eg du er lei deg", "Blei du redd?", osv.)  Namngje dei ulike kroppsdelane (t.d. ved bleieskift, påkledning, osv. Nb! Viktig å skilje på dei ulike delane av underlivet!)  Øve på å setje eigne grenser og respektere andre sine ved å nytte stopp-teikn (t.d. i leik, om nokon vil ha/ gje kos)  Massasje (NB! Viktig at den vaksne er obs. på signal frå barnet om det er greit eller ikkje! Vise tydeleg at det er barnet som bestemmer!)  Ha biletdebøkar om kropp og kjensler lett tilgjengeleg

2-3	<p>Kunne kjenne att, og setje ord på/vise ulike kjensler på "liksom"</p> <p>Kunne aktivt nytte stopp-teikn som grensesetting, og stoppe når andre nyttar teiknet</p>	<p>(Dei vaksne held fram med å namngje kjensler og kroppsdelar)</p> <p>Nytte bilete av ulike kjensler, og samtale kring desse</p> <p>Bevisst bruk av ulike kjensler i leik (den vaksne som rollemodell)</p> <p>Nytte enkle bøkar om kjensler og kropp</p> <p>"Kroppspuslespel"</p> <p>Øve barnet på å kjenne etter og skilje mellom dei ulike kjenslene (t.d. "blei du sint, eller er du eigentleg lei deg?")</p> <p>Fantorangen - følelsesdoktoren</p>
3-4	<p>Kunne kjenne att og skilje mellom ulike kjensler</p> <p>Kunne namna dei største kroppsdelane, og kunne skilje mellom det som høyrer til foran og det som høyrer til bak</p>	<p>Øve barnet på å kjenne etter og skilje mellom dei ulike kjenslene (Særleg fokus på gutane, då forsking viser at dei slit særleg med å nyansere negative kjensler – alt blir ofte "sint")</p>

		<p>Lage og øve på samspelsreglar (Korleis skal me vere mot kvarandre? Kva gjer me viss nokon er lei seg? Kva kan eg gjere om eg blir veldig sint? Kva er lov og ikkje – t.d. lov å vere sint, ikkje lov å slå)</p> <p>Litteratur om kropp og kjensler (t.d. <i>Hvordan lager man en baby?</i>, <i>Visste du at...?</i> Om kropp, Anna Fiskes bøker om kjensler)</p>
4-5	<p>Vera meir medveten sine kjensler og setje ord på dei ulike kjenslene.</p> <p>Kunne namna dei største kroppsdelane, og kunne skilje mellom det som høyrer til foran og det som høyrer til bak</p>	<p>Salaby: Kroppen</p> <p>Bli kjent med samanhengen mellom kropp og kjensler Kor kjenner eg sint? Korleis ser sint ut? Kva slags farge har sint? Kva treng eg når eg er sint?</p> <p>Nytte ulike sansestimulerande aktivitetar (Sjå, høyre, lukte, smake, kjenne)</p> <p>Litteratur (t.d. <i>Alle har en baksida</i>)</p>

5-6	<p>Kunne skilje mellom gode og vonde berøringar, gode og vonde hemmelegheiter</p> <p>Kjenne til kven dei kan henvende seg til for å få hjelp om dei blir utsatt for vald eller s.o.</p>	<p>Redd barna: Kroppen min eier jeg (her er det m.a. aktivitetar som å teikne kroppen sin)</p> <p>Appen: <i>Menneskekroppen</i></p> <p>Ha bøker som t.d. <i>Sinnamann, Blekkspruten, Dragen</i> (Gro Dahle) framme, og nytte dei på lik linje med andre bøkar</p>
		<p>For alle alderstrinn:</p> <p>Songar og regler med kropp som tema, gjerne med bevegelsar eller teikn til (t.d. hode, skulder, kne og tå, Sprellemann i kroppen, Buggi buggy)</p>